

# **Vedtekter for bruk og forvaltning av kraftfond i Vestre Slidre Kommune**

## **§ 1 Heimel, kapital og avkastning:**

a. Fondskapitalen er:

Kr 600.000som vart innbetalt av Foreningen for Begnavassdragets Regulering vedr. ny reguleringskonsesjon for Strandafjorden, Volbufjorden og Øyangen (datert. 13.02.1981).

Fondskapitalen er fast og urørleg.

b. Avkastning er:

- Årlege konsesjonsavgifter som blir innbetalt til kommunen
- Renter og anna avkastning av fondskapitalen

Alle konsesjonsavgifter, renter og anna avkastning skal bli teke til inntekt for kraftfondet og må bli disponert i samsvar med vedtekten. Fondskapitalen kan ikkje bli nytta til lån.

## **§ 2 Føremål**

Kraftfondet skal fortrinnsvis bli nytta til næringsføremål som t.d. bedriftsstøtte, tilrettelegging for næringsutvikling i regi av kommunen, stadutvikling, ulike type utviklingsarbeid med meir. Fondet kan nyttast til kommunale investeringar i varige driftsmiddel.

Fondsmidla kan ikkje bli nytta til å dekke ordinær drift i kommunen, med unntak av renter og avdrag på investeringar som er gjorde i tråd med føremålet til fondet.

Det kan heller ikkje gjevast støtte til bedrifter for å dekke avdrag og renter på lån eller til ordinær drift.

Det bør ikkje gjevast støtte til verksemd som får betydelige overføringer over statsbudsjettet.

## **§ 3 Støtteformer**

Støtte vert gitt i form av tilskot.

Midla skal ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Dersom det vert teikna kommunale aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30% av aksjekapitalen i bedrifta. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingsselskap, utleigebyg og liknande, som kommunen etablerer i samarbeid med private interesser.

## **§ 4 Tilhøvet til internasjonale forpliktingar på statsstøtteområdet**

Bruken av fondet må vera i samsvar med dei internasjonale regelverka som Norge har slutta seg til på statsstøtteområdet.

## **§ 5 Forvalting**

Ved forvalting av fondsmidla skal det bli lagt vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.

## **§ 6 Årsmelding og rapporteringsplikt**

Det skal leggast fram ei melding om verksemda i fondet for kommunestyret kvart år. Gjenpart av denne meldinga skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.

## **§7 Godkjenning av vedtekter**

Vedtekten skal kunne endrast etter vedtak i kommunestyret. Vedtaket treng godkjenning av fylkesmannen. Kopi av godkjende vedtekter vert sendt til fylkeskommunen.

*Vedteke av kommunestyret 15.09.2016 i sak KS-080/16.*